

Lindås Kyrkjepark, 5955 Lindås

Org.nr. 919 559 939

Lindås, april 2018

Gode bedriftsleiar

Du får sikkert mange spørsmål om litt sponsormidlar, til hjelp for kultur- og sportstiltak i Lindås og Nordhordland elles. Slikt er ikkje til å unngå når ein er bedriftsleiar, me som spør om bidrag her, har, for fleire av oss, vore bedriftsleiarar og veit mykje om slikt.

Vangsgutane er seks velvaksne karar frå Lindås som, på dugnadsbasis, fekk bygd Lindås Kyrkjepark, v/Lindås kyrkje, og som vart høgtideleg opna av fylkesmann Svein Alsaker 10. august 2002.

Parkområdet var, og er, ein stad »Med eit strålande utsyn til sjø og til land, inntil fjell og til ytterste strand» som salig Anders Spjeldnes (1864–1960) seier det i Lindåssongen.

Parkområdet var eit villniss i 1998, då Vangsgutane fekk ide om å planleggja og arbeida fram eit vakkert parklandskap, og resultatet kom, med lokalt næringsliv og privatfolk si gode hjelp, både med økonomisk bistand, so vel som dugnadsmessig innsats.

I dag er Lindås Kyrkjepark ein diamant i Lindåsbygda, eit smykke som er heilt spesiell i utforming og som utsynspunkt til mange bygder, i vårt vakre Nordhordland.

Lindås Kyrkjepark har vore vyrdsla om sidan 2002 og til no, og vil verta vedlikehalde av Vangsgutane vidare ei tid. I 2017 vart parken registrert i Brønnøysundregistrene.

Du som driv innan næringsliv i Ytre Nordhordland har sikkert sett parken, alle har me av og til ei eller anna kyrkjegjenge, til dåp, konfirmasjon, bryllup eller gravferd. I parken kjem barnehagen, kor ungane kosar seg med saft og mat, bryllup i Lindås kyrkje, endar ofte med at brudeparet vert fotografert i Lindås Kyrkjepark, folk som går til gravstaden for å stella kjære slekta sine graver, set seg ofte i parken, for å minnast sine, kan hende i sorg, kan hende i vemodige, men gode minner frå den, og dei som er borte.

Ungdom møtes i parken på dunkel kveldstid, ja, det skulle berre mangla at dei ikkje skulle kunne sverma litt, «ga på drøsp» som dei gamle sa («date» i moderne tale), i so vakkert område.

Gjennom tida, sidan 2002, har Vangsgutane fått ein del økonomiske midlar til kjøp av busker, bork, jord, og litt verkstøy til det som kostar pengar. Lindås kommune har vore oss til svært god hjelp her. Når det gjeld finansiering av dei minnesmerka som er reist i parken, so er det næringslivet, Lindås kommune, bank, og mange andre, som har hjelpt oss, til og med næringsliv i Bergen har gjeve tilskot til dette.

I 2018 må det utførast ein del vedlikehald av Lindås Kyrkjepark, ikkje minst skal det fellast ein del tre som i dag hindrar godt utsyn til vakkert landskap, kor ein del av trefellinga må leigast fagfolk til å utføra. Dersom De kan bidra med eit høveleg beløp til hjelp i vårt arbeid med vedlikehald av Lindås Kyrkjepark, so er me svært takksam for det.

Vårt kontonr. er 3632 60 79425

Dersom ditt firma kan bidra litt økonomisk til kyrkjeparken, so burde Du få di lønn i himmelen, men so usikker som tidene er, so hald heller på den lønnsavtale Du har med firmaet som Du er tilsett til!

Med venleg helsing på vegne av styret i Lindås Kyrkjepark

Ha det gøyelig!
Med vennlig hilser
Karstein Daae Stene